Årsrapport
berekraftig reisemål

2025 / 2026



Galdesand i Bøverdalen. Foto: Frys Film

Visit Jotunheimen 29.04.2026.
Av Marit Tangvik, berekraftansvarleg, Visit Jotunheimen

Visit Jotunheimen

Berekraftig Reisemål

Innholdsfortegnelse

1. Innleiing 2

2. Forankring 3

Orientering for Lom kommune 3
Orientering for og involvering av medlemsbedrifter og næringsliv 3
Informasjon mot innbyggjarar og gjester 3
Destinasjonsleiing for Lom 5
Relevante samarbeidspartnarar 6

3. Natur, kultur og miljø 7

Tiltak for ein meir miljø- og klimavenleg destinasjon 7
Tiltak for å auke talet miljøsertifiserte bedrifter 10

4. Sosiale verdiar 11

Utvikling av reisemålet – til det beste for alle 11
Utvikling av reisemålet – for gjestane 13
Utvikling av reisemålet – for innbyggjarane 13
Utvikling av reisemålet – for næringsliv og dei tilsette 14

5. Økonomisk levedyktigheit 15

Relevante tiltak: 18

6. Utfordringar 20

7. Suksesshistorier 21

8. Formidling av rapporten 21

1. Innleiing

Det er eit mål med merkeordninga Berekraftig reisemål å synleggjere at det vert arbeidd kontinuerleg for ei meir berekraftig utvikling på reisemåla - òg utanom remerking kvart tredje år. Denne rapporten synleggjer Lom sitt arbeid knytt til berekraftig reisemålsutvikling i perioden frå mai 2025 til april 2026. Lom kommune, Visit Jotunheimen ved administrasjon og styret, destinasjonsleiinga for Lom og relevante reisemålsaktørar har vore involvert i arbeidet.

Det viktigaste vi har jobba med i året som har gått, har vore ei vidareføring av arbeidet frå 2024/2025. Reisemålsstrategien har vorte enno betre innarbeidd og vi har vidareført møteplassane i reisemålsleiinga og teke opp konkrete tiltak vi jobbar vidare med her.

Vi opplev positivisme til destinasjonsselskapet og til reiselivet i området, og ser fram til å jobbe målretta og langsiktig med berekraftig utvikling i åra som kjem.

Ein stor takk til alle som har vore med å bidrege med arbeidet knytt til berekraftig reisemål det siste året, til alle som har teke val om berekraftig utvikling i si bedrift, og til alle som lyfter og framsnakkar ordninga og kvarandre. Også ein stor takk til alle gjestane våre som er med på å ta vare på reisemålet og verdiane våre.

2. Forankring

Orientering for Lom kommune

Visit Jotunheimen, ved dagleg leiar Mari Arnøygard Wedum og styreleiar Øyvind Rusten, hadde orientering for kommunestyret i Lom kommune den 28. oktober 2025. Her gjekk vi gjennom generelt om Visit Jotunheimen AS, arbeidet med berekraftig reisemål, reisemålsstrategien vår, statusanalyse for reiselivet i Lom per 2025 m.m.

Visit Jotunheimen ynskjer å presentere for kommunestyret fast ein gong i året, og elles ved behov.

Orientering for og involvering av medlemsbedrifter og næringsliv

Medlem og støttemedlem får jamleg oppdatering frå Visit Jotunheimen om strategi, handlingsplanar og andre relevante tema. Denne informasjonen vert distribuert gjennom medlemsmøte, næringsmøter, medlemsgruppe på Facebook, nyheitsbrev og på e-post. Det vart orientert om status på reisemålsarbeidet i ordinær generalforsamling på Fossberg hotell, 2. juni 2025, samt under ekstraordinær generalforsamling på Norsk fjellsenter, 11. november 2025.

Kvart 3. år vert det gjennomført **medlemsundersøking** blant medlem i Visit Jotunheimen. Denne vart sist gjennomført i 2023, og skal gjennomførast på nytt innan remerking i 2027. Destinasjonsselskapet er opptekne av at handelsbedrifter, reiselivsbedrifter og anna næringsliv skal sjå nytta av å vere medlem/støttemedlem i selskapet, og fekk i 2024 utarbeidd ei **partnarskapsavtale** som skal bidra til gjensidig involvering mellom medlem og destinasjonsselskap. Vi har fortløpande hatt møter med partnarar og signert avtaler i 2025 og starten av 2026 – eit arbeid som held fram i 2026.

Informasjon mot innbyggjarar og gjester

Kvart 3. år vert det gjennomført innbyggjarundersøking og gjesteundersøking. Desse vart sist gjennomført i 2023, og skal gjennomførast på nytt innan remerking i 2027.

Kommunikasjonsarbeid
Visit Jotunheimen har i løpet av året arbeidd målretta med kommunikasjon og synleggjering av regionen gjennom eigne kanalar og eksterne medium. Vi har i 2025 utarbeidd ny **visuell profil** og bytt nettsideleverandør. Den nye **nettsida** gjev oss betre fleksibilitet, støtte for innhald på fleire språk, samt bruk av kunstig intelligens til oversetting og tilrettelgging for AI-motorar. Samla sett vil dette gjere oss og partnarane meir synlege, både for folk og datamaskiner, samt lette arbeidskvardagen til administrasjonen.

Sosiale medium
Visit Jotunheimen er aktive på **Facebook og Instagram**, der det vert publisert bilete, videoar, reels og stories med fokus på natur, friluftsopplevingar, mat, kultur, lokale tilbod og arrangement. Facebook vert òg nytta til å opprette og marknadsføre arrangement,

samt køyre målretta kampanjar. På Instagram har vi eit sterkt visuelt fokus og inkluderer innhald frå følgjarar for å styrkje engasjement og fellesskap.

Nyheitsbrev
Gjennom året har det blitt sendt ut fleire nyheitsbrev på norsk. Desse inneheld turforslag, kampanjar, arrangement og anna relevant informasjon, og fungerer som eit viktig verktøy for å nå ut direkte til interesserte besøkande og samarbeidspartnarar.

Presse og omtale
Visit Jotunheimen har også hatt fokus på synleggjering gjennom presse og redaksjonelle omtalar. Det er sendt ut eigne pressemeldingar gjennom året, og selskapet / spesifikke bedrifter har vore nemnt i fleire nasjonale medium, både som kjelde og gjennom samarbeid med journalistar og innhaldsprodusentar.

Samla sett er dette arbeidet med på å styrke den digitale synlegheita til Jotunheimen som reisemål.

Visit Jotunheimen lager jamleg redaksjonelt innhald som representerer det vi eller medlemsbedriftene gjer av tiltak knytt til berekraft. Desse synleggjer vi vidare i eigne kanalar der det er relevant.



Satsing på lokal mat både i reiselivet og i offentleg sektor. Lokalavisa.



Tiltak i form av gratis konsert for bygdafolket ifm. 10-års jubileum. Lokalavisa.



Synleggjering av bandtvang og råd om ferdsel. På Facebook.







Tiltak for gjenbruk, der resten vart donert til flyktningetenesta i lokalavisa.

Status på berekraftsarbeidet og miljøfyrtårn presentert i nyheitsbrev.

Medlem som har teke vare på verneverdige verdiar med stønad frå riksantikvaren. Medlemsgruppe på Facebook.

Destinasjonsleiing for Lom

I samband med utviklinga av reisemålsstrategien for Lom, vart det i 2024 etablert ei heilskapleg reisemålsleiing for Lom. Reisemålsleiinga er samansett av ulike aktørar, som saman, formelt eller uformelt, leiar utviklinga på reisemålet. Reisemålsleiinga skal ha ei samlande og koordinerande rolle med omsyn til styring og handsaming av reiselivet på reisemålet i eit heilskapleg perspektiv, og arbeide for at omsyn til næringa si utvikling, lokalbefolkninga, gjestar og natur/miljø vert teke i vare i reisemålsutviklinga i Lom.

Visit Jotunheimen har det operative ansvaret for arbeidet i reisemålsleiinga. Etter evaluering har vi gjort nokre endringar i samansetninga av reisemålsleiinga i 2025, for å betre ta i vare frivilligheita. Gruppa består no av følgande aktørar:

- Marit Tangvik (prosjektleiar Lom som berekraftig reisemål, Visit Jotunheimen AS)
- Mari Arnøygard Wedum (dagleg leiar, Visit Jotunheimen AS)
- Øyvind Rusten (Styreleiar, Visit Jotunheimen AS)
- Anne Wangen (Juvasshytta og styremedlem Visit Jotunheimen AS)
- Arnt Rune Vole (Kiwi Lom og styremedlem Visit Jotunheimen AS)
- Hallvard Helland (leiar, Lom Bonde- og Småbrukarlag)
- Mai Bakken (dagleg leiar, Norsk Fjellsenter)
- Kristian Frisvold (ordførar, Lom kommune)
- Åshild Myhre Amundsen (næringssjef, Lom kommune)
- Kari Sveen (nasjonalparkforvaltar, Jotunheimen Nasjonalpark. Kan involvere Breheimen og Reinheimen ved behov)
- André Sørhage (Styreleiar, Lom idrettslag)

Reisemålsleiinga i Lom hadde møte 22. september 2025 på Fossberg hotell, der villcamping var hovudtema. Innan møtet hadde vi ute ei innspelsrunde på problematikk kring villcamping. Fjellstyret, ved Åsmund Galde, var kalla inn til møtet i tillegg til dei faste deltakarane.

Relevante samarbeidspartnarar

Nettverk for Destinasjonsledelse og Bærekraftig Reisemålsutvikling (NDBR)
«Nettverk for Destinasjonsleiing og Berekraftig Reisemålsutvikling ("NDBR") er eit nasjonalt nettverk for alle reisemåla i Noreg som har forplikta seg til ei berekraftig utvikling gjennom Merkeordninga «Berekraftig Reisemål». Gjennom nettverket arbeider reisemåla for å vera først med løysingane for framtida sitt reiseliv.»

Gjennom nettverket har Visit Jotunheimen i 2025 delteke i fokusgruppene «lokal mat og drikke» og «camping». Visit Jotunheimen har i 2025 og 2026 vore med i pilot-prosjektet «Berekraftsakademiet» – eit felles vertskapskurs for tilsette på reisemålet, men vi ser diverre at vi ikkje har kapasitet/ressursar til å få dette ordentleg i gang og følge det opp.

Fagleg rådgjevande utval
Visit Jotunheimen sit i tre ulike fagleg rådgjevande utval. Eit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, eit for Breheimen nasjonalpark og eit for Reinheimen nasjonalpark. Desse tilsynsutvala er samansett av representantar for dei ulike interessene i området, som mellom anna grunneigarar, andre offentlege organ (t.d. fjellstyret), næringsliv og frivillige organisasjonar. Fagleg rådgjevande utval har vanlegvis møte ein gong per år. Dette er ein fin arena for reiselivet til å kome med innspel, samt å få innsikt i kva nasjonalparkstyra og fjellstyra arbeider med gjennom året, slik at vi totalt sett sikrar ein god dialog mellom forvaltning og reiseliv.

I rapporteringsåret deltok Visit Jotunheimen i fagleg rådgjevande utval for Jotunheimen og Utladalen i Årdal den 12. september 2025 (dagleg leiar Mari Arnøygard Wedum), og for Reinheimen på Norsk fjellsenter i Lom den 25. september (berekraftsansvarleg Marit Tangvik). Fagleg rådgjevande utval for Breheimen nasjonalpark vart heldt i Luster den 28. oktober 2025. Her hadde vi diverre ikkje moglegheit for å stille, men Norsk fjellsenter var til stades og representerte reiselivet i området.

Visit Jotunheimen vil som minimum delta i møta i kvart av utvala annakvart år. Jotunheimen og Utladalen forsøker vi å få til kvart år, da det er her vi har mest reiselivsaktivitet.

Visit Jotunheimen oppretta tidlegare ei chat-gruppe (på Messenger) for Visit Jotunheimen og representantar for nasjonalparkane rundt oss (Jotunheimen, Breheimen og Reinheimen). Målet er å senke terskelen for daglegdags kommunikasjon og auka samhandling. Gruppa har ikkje vorte teke i bruk i særleg stor grad i rapporteringsåret, så vi fortset arbeidet.

Samhandling med kommunen
Lom kommune er reiselivet sin viktigaste samarbeidspart, både med tanke på å få gjennomført prosjekt og arrangement som kjem næringa, lokalbefolkning og tilreisande til gode, samt gjennom eit årleg fast støttebeløp til destinasjonsselskapet. Vi har i rapporteringsåret opplevd god samarbeidsvilje, og set stor pris på nærleik, stutt veg frå ord til handling, og god oppfølging frå kommunen.

I økonomi- og handlingsplanen til Lom kommune for 2025-2028 er berekraft eit av tre hovudsatsingsområde. Her ligg det inne eit mål om "*implementering av Lom som berekraftig reisemål i tråd med ny reisemålsstrategi*", der oppdragsbeskrivelsen er å "*gjennomføre tiltak i den vedtekne reisemålsstrategien som bidreg til å styrke Lom sin status som eit berekraftig reisemål*".

3. Natur, kultur og miljø

Tiltak for ein meir miljø- og klimavenleg destinasjon

Ladestasjonar for el-bil
Det er etablert tre hurtigladestasjonar i sentrum, i tillegg til meir saktegåande ladepunkt rundt omkring hos overnattingsbedrifter. Det har vore dialog med m.a. Eviny for å få etablert ein ny ladestasjon i nærleiken av Coop Prix i Bøverdalen, men dette har ein førebels ikkje lykkast med.

Kollektivtransport
Gjennom fysisk og digital turistinformasjon oppmodar vi aktivt til bruk av kollektivtransport, og å planlegge reiser utan bruk av eigen bil. Entur-appen har vorte mykje betre siste åra (omfattar snart alle kollektiv-alternativ kring oss), og er eit verktøy vi brukar mykje. I tillegg lyfter vi fram Innlandstrafikk sine «fjellruter», altså sommarbussen til fjells. Vi marknadsførte òg deira fleiråriге kampanje «buss for ein 10'er i heile Innlandet» i 2025 – både via sosiale kanalar og nyheitsbrev.

Vi jobba aktivt med påverknad inn mot Innlandstrafikk for å få dei til forlenge sesongen for sommarrutene utover skuleferien (spesielt avgang til Gjendesheim som korresponderar med Valdresekspressen er eit behov).

Grønt gir for Gudbrandsdalen
"Grønt gir for Gudbrandsdalen" er ei forlenging av programmet "Krafttak for grønn vekst", og Lom kommune har støtte begge programma over fleire år. Grønt gir skal gi utvalde bedrifter tilgang til å auke sin kompetanse og satsting på berekraft, og bedrifter frå Lom har anledning til å melde seg på. Lom bryggeri er med som deltakar i 2026.

Renovasjon
Renovasjonsselskapet NGR la i 2024 til rette for å hente fleire fraksjonar hjå privat hushaldning (matavfall). Desse rutene vart i igangsett med nye bilar med fleire kammer i, fyrste kvartal 2025. Sidan har òg glas- og metallemballasje, samt papp og papir vorte bestemt innført som del av henteordninga. Dette skal rullast ut i andre halvdel av 2026

og vidare inn i 2027. Dei legg samstundes til rette for å halde gebyra nede, som t.d. moglegheit for å dele behaldarar med naboen.

NGR handsamar òg bedriftsavfall, og kom i Q1 2025 med informasjonsbrev om regelverk per 1. januar 2025, kva tenester dei tilbyr, inkludert henteruter, sorteringsinstruks, informasjon om utleie av container samt rettleiing og rådgjeving.

Utstillingar på Norsk fjellsenter
Norsk fjellsenter er eit autorisert naturinformasjonssenter for nasjonalparkane Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen. Fjellsenteret er også eit museum for fjellet si historie og bruken av fjellet heilt attende til førhistorisk tid. Utstillingane på Fjellsenteret legg vekt på formidling av samspelet mellom natur- og kulturverdiar og menneske i eit langtidsperspektiv.

I 2025 hadde Norsk Fjellsenter utstillinga «Når isen bryt», i anledning FNs internasjonale år for brebevaring. Utstillinga vart laga i samarbeid med NVE og nokre av dei fremste breforskarane i landet, og har som mål å løfte kunnskap om korleis det står til med breane både her heime og rundt om i verda. Norsk Fjellsenter hadde 24 500 besøkande i 2025.

Formidling til skuleklassar i regi av Norsk fjellsenter / Klimapark 2469
Hovudoppgåvene til fjellsenteret og Klimapark 2469 er formidling for skuleklassar. Skuleklassane som besøker fjellsenteret får skuleopplegg som omfattar jernalder- bronsealder- og steinalderopplegg der utstillinga med dei brearkeologiske gjenstandane har ei viktig rolle. Elles omfattar skuleopplegga natur, kultur, og klima og det enkle friluftslivet. Dette er heildags opplegg for skulane i Vågå, Lom og Skjåk.

I 2025 var òg utstillinga «Når isen bryt» tema for skuleopplegg. I 2024 hadde dei slikt opplegg for 650 elevar, medan det i 2025 var 1803 elevar.

I Klimaparken blir skuleelevane med på ei vandring i høgfjellslandskap med formidling av natur, kultur og klima. Der formidlar klimaparken oppdatert forsking på desse fagområda. Gjennom den Kulturelle skulesekken reiser Fjellsenteret og Klimaparken i tillegg rundt på besøk til skuleelevar i heile Innlandet med VR-opplegget «Melting Mountains». Her blir elevane med på ei vandring i eit høgfjellandskap i endring på grunn av smeltande snø og is. Dei ender opp inne i istunnelen der dei blir med rundt i alle romma.

I 2024 var 600 elevar frå Innlandet med på dette, medan det i 2025 var heile 990 elevar med.

«Fjellviten»
Norsk fjellsenter og Klimapark 2469 fekk i 2024 tildelt 20 millionar kronar frå Sparebankstiftinga DNB til prosjektet «Fjellviten». Prosjektet skal gjennom ei periode på 4 år byggje opp nye formidlingsarenaer, både digitale og fysiske. Vidare skal prosjektet bidra til betre overvaking av klimaendringar i høgfjellet, og ikkje minst bidra til at «alle» får moglegheit til å delta og lære meir om endringar som skjer i høgfjellet.

No i 2026 er dei snart i mål med den digitale plattformen i Fjellviten, som skal overføre pågåande tverrfagleg forsking på klima og natur i høgfjellet. Det blir lagt opp til pedagogiske opplegg som skulane kan nytte seg av, og ein betaverson til dette blir klar i juni 2026.

Norsk Fjellsenter er òg i planleggingsfasen av eit formidlingsrom på Fjellsenteret og påbygget som skal romme ope magasin, forskarhub og mottak av funn og anna materiale frå fjellet.

Europeisk kulturminnepris til det brearkeologiske sikringsprogrammet
Secrets of the Ice fekk i 2025 "Den europeiske kulturminneprisen/Europa Nostra Award 2025" for sitt banebrytande forskings- og formidlingsprogram. Innlandet fylkeskommune, Norsk Fjellmuseum, Klimapark 2469 og Kulturhistorisk museum mottok denne prisen , i tillegg mottok samarbeidspartane ein Grand prix pris i kategori forskingsformidling. Det blir markering av denne prisen på Fjellsenteret i Lom i juni 2026.

Foredrag og arrangement med fokus på natur, kultur og miljø
Norsk Fjellsenter har i året som har gått arrangert fleire interessante foredrag og arrangement, som har teke for seg tema innan natur, kultur, miljø og gjenbruk:

- Januar 2025: «Fiksekveld» i samarbeid med husflidslaget, der ein kunne sy vindvottar av gamle klede.
- Februar 2025: Bokforedrag av Reidar Andersen, om «Menneske og rein – felles historie i 500 000 år».
- Mars 2025: Brekveld med lokale fjellfolk. Om friluftsliv på bre før, no og i framtida.
- April 2025: Foredrag «Naturparadokset» om naturen vi mistar og korleis vi kan få han attende. Med Marit Beate Kasin
- Mai 2025: Foredrag «Robust forvaltning av reinsdyr», ein underart dyrka av to kyrkjer. Om villrein og tamrein. Av Torstein Storaas.
- August 2025: Soppkurs med soppsakkyndig Wenche Eli Johansen.
- September 2025: Foredrag «25 år med bevaring av fjellrev» med Nina Eide.
- Oktober 2025: Foredrag «Store rovdyr – biologi, konfliktar og forvaltning» med forskar Barbara Zimmermann.
- Oktober 2025: Fyrstehjelp på tur – tips og historiar frå livet.
- November 2025: Bruktsal av vinterklede og skiutstyr (betaling direkte til dei som har levert inn). Her hadde fyrst Fjellsenteret utsal, før Visit Jotunheimen hadde tilsvarande i desember. Det som ikkje vart henta, vart donert til flyktningtenesta. I samarbeid med DNT Gudbrandsdalen.
- November 2025: Skredkveld, med inspirasjon, læring og turglede.
- Januar 2026: Samtaler om snøskredfaget. Dypdykk frå temakvelden i november. Saman med Nasjonalt kompetansesenter for fjellrening.
- Januar 2026: Foredrag «Fisk og fisking i Lom – ei sju tusen år lang historie. Med forfattar Trygve Hesthaen.
- Februar 2026: Foredrag «Denali – ei historie frå 1995» med Kjell Ola Haugen.
- April 2026: Foredrag om brefallet av Dag O. Hessen

Tiltak for å auke talet miljøsertifiserte bedrifter

Mobilisert for fleire miljøsertifiserte bedrifter
I 2025 vart eit gruppeløp til miljøfyrtårnsertifisering saman med konsulent Pål Svensson ferdig, etter Visit Jotunheimen i 2024 henta inn tilbod og vidareformidla til interesserte bedrifter.

Lom kommune vidarefører ordninga frå i fjor, med tilskot til miljøsertifisering av bedrifter. I regelverket står det følgjande:
"For å stimulere til ei meir berekraftig utvikling kan det gjevast tilskot til miljøsertifisering av bedrifter. Resertifisering blir ikkje støtta. Tilskotet er avgrensa til maksimalt kr. 20 000, maks 50% av dokumentert kostnad".

Synleggjering
Visit Jotunheimen synleggjer alle miljøsertifiserte bedrifter på nettsida, og har lyfta fram gode eksempel der det har vore relevant. Lom kommune feirar alle miljøsertifiserte bedrifter med at ordførar og næringssjef deler ut blome og diplom. Lokalmedia blir invitert kvar gong, og skriv vanlegvis sak om hendinga. I tillegg blir det alltid delt i Lom kommune sine sosiale medier, herav på Lom næringsforum på Facebook og på Instagram.

Miljøsertifiserte bedrifter
I 2025 har det kome til tre nye organisasjonar som er merka miljøfyrtårn; Brimibue AS, Opplæringskontoret Brimi-kjøken og Gjendebu. Lom kommune har diverre valt å ikkje gå vidare med si merking av administrasjonen, og det er i tillegg ei bedrift der merkinga har gått ut, men dei jobbar med å bli remerka på nytt. Da ender vi opp på 12 miljøsertifiserte bedrifter i kommunen per 21.04.26:

Brimibue AS	Nord-Gudbrandsdal VGS, Lom	Sport 1 Lom
Bygger'n Lom	Norsk fjellmuseum	Steinar Skaansar & Sønn AS
Gjendebu	Opplæringskontoret Brimi-Kjøken	Vinmonopolet Lom
Glitterheim turisthytte	Røisheim hotell	Visit Jotunheimen AS

I tillegg har vi medlemsbedrifter frå Vågå og Skjåk kommune. Av desse er to bedrifter miljøfyrtårn i Vågå (Brimi Eventyr AS og Gjendesheim turisthytte)

Per 21.04.26 har Visit Jotunheimen 72 medlemsbedrifter. Av desse er 8 merka. 8/72 * 100 = **11,11%**

Skåppå tilbyr hjelp til bedrifter som ynskjer å bli miljøfyrtårnsertifisert i regionen, og har i 2025 hjulpe 14 bedrifter med start på si sertifisering.

4. Sosiale verdiar

Utvikling av reisemålet – til det beste for alle

Tilrettelegging på Fossbergom (sentrum)
Den nye skiltplanen er innført og teke i bruk, og skiltinga for Kyrkjevollen og gamle Loar-området, skal bli justert og forsterka nå på forsumaren 2026. Plassen framfor kyrkja skal bli tydlegare skilta som parkeringsplass som berre kan nyttast av personbilar og buss. Plassen mellom biblioteket og ungdomsskulen, vil bli skilta som parkeringsplass for personbilar og bubilar – men med forbod mot camping. Inntunet på ungdomsskulen vil bli skilta for parkering for personbilar og bubilar i skulen sin sumarferie.

På parkeringsplassen ved Loar skule, vil det som tidlegare, bli skilta dagsparkering for bubil i skulens sumarferie. I Fosstugu er tilrettelegginga og merkinga for parkeringsplassar for personbilar og haldeplassar for buss no fullført. Det er tilrettelagt og skilta for parkeringsplass for tunge køyretøy i industriområdet ved austre ende av Stupulvegen.

Tilrettelegging utanom sentrum
Visit Jotunheimen har frå 2025 vore med i fokusgruppa for villcamping, gjennom NDBR. Gjennom denne gruppa vil reisemål på tvers av landet sjå på utfordringar og moglegheiter knytt til villcamping saman. Dagleg leiar, Mari Arnøygard Wedum, var på klyngesamling med gruppa på Gardermoen 28.01.25, der tema var styring av trafikk og motverking av villcamping.

Villcamping var vidare tema i møte med reisemålsleiinga i Lom, 22. september 2025. Her vart det lagt fram konkret problematikk, og diskutert tiltak som Lom kommune vil følge opp. Lom kommune har vidare tatt initiativ til å samle aktuelle aktørar på tvers av kommunegrenser for å diskutere problemstillinga og jobbe fram forslag til tiltak. Det er gjennomført eit større teamsmøte, der resultatet vart å sette ned ei arbeidsgruppe. Denne gruppa har hatt fleire arbeidsmøte og legg opp til ei fysisk to-dagars samling i juni for å jobbe vidare med saka.

I medhald av friluftslova har Lom kommune skilta med camping-forbod i friluftsområde ved Liabrue dei siste åra (frå 2024). Eit anna problemområde (Tronoddbrue) vart skilta med “forbod mot motorferdsel” i 2023. Etter det kommunen er kjent med har skiltinga både ved Bøvermunningen/mot Tronoddbrue og ved Liabrue fungert bra (bortsett frå at eit av skilta ved Liabrue vart utsett for herverk i 2025).

Elles er det verdt å merke seg at begge desse områda er omfatta av Statsforvaltaren i Innlandet sitt utgreiingsarbeid for nytt naturreservat langs Ottaelva. Om det blir ein realitet vil det venteleg bli strengare reglar for ferdsel og kva som elles er tillate her.

Det vart også sett opp skilt om camping forbode ved Måsåmyrbakken (ved ljosløypa i Lia) i fjor, etter meldingar om ulemper for dei som bur i området her.

Universell utforming på nett
Visit Jotunheimen har som nemnt fått utvikla ny nettside. Vi har i 2025 lagt til rette for å kunne bruke universell utforming som filter på produkta i den nye løysinga, slik at funksjonaliteten ligg der. Dersom det skal gjennomførast, trengst nøye kartlegging av produkt og ein plan for oppfølging. Arbeidet vil følgast opp gjennom tiltaksplanen i reisemålsstrategien.

Universell utforming i praksis
Lom kommune søkte i samarbeid med Visit Jotunheimen, i 2025 om midlar gjennom støtteordninga «trygg og tilgjengeleg natur» frå Friluftsrådets Landsforbund. Målet med søknaden var å gjere sentrumsnære tiltak kring Utleggsbrua i Lom meir tilrettelagt, slik at fleire kunne bruke området. Søknaden gjekk gjennom prekvalifisering, men fekk diverre avslag i endeleg runde. Vi legg ikkje frå oss tankane, og jobbar vidare med dette i åra som kjem.

«Trygg hafeille»
Landbrukskontoret har i 2024 og 2025 gjennomført eit prosjekt for å få fjerna gamle og/eller farlege gjerde i inn- og utmark i Lom og Skjåk. Privatpersonar leverer inn gjerde til renovasjonsselskapet og får utbetalt tilskot. Landbrukskontoret har fått nye midlar til prosjektet, og vidarefører dette.

Kultur og historie på raud løpar i Oslo
Administrasjonen i Visit Jotunheimen var invitert til førpremiere på storfilmen Troll 2 hausten 2025, og stilte i rondastakk på raud løpar i Oslo, og fekk mange kjendisar i prat! Det var eit givande «kulturelt stunt».

Musikalsk fjellsmak
Vianvang 27. mars 2025: For fyrste gong arrangerte Visit Jotunheimen kulturkvelden Musikalsk fjellsmak – ein festaften på Vianvang med Arne Brimi, Bjørn Kåre Odde (m/ensemble) og visuell historieforteljing om Fjellsmaken. Eit unikt arrangement som trekte deltakarar frå heile regionen og styrkte posisjonen vår innan kulturformidling.

Lokal mat og drikke frå Innlandet
Visit Jotunheimen var hausten 24 med å stifte Matfylket Innlandet SA. Matfylket Innlandet har som mål å auke bruken av maten vi produserer i Innlandet, slik at den kjem på bordet i Innlandet, i offentleg sektor, i reiselivet og hjå den enkelte forbrukar. Innsatsområda er å styrke rekruttering til matfaga, samt at det offentlege skal kjøpe inn mat frå eige region.

Lom kommune signerte Innlandets matløfte i juni 2025, og har sett seg som mål at innan 2030 skal heile 50% av maten kommunen har ansvar for ha lokal tilhøyrsle (vere frå regionen eller nærliggjande regionar).

Synleggjering:
Lom kommune har over tid jobba med å få på plass ein betre “Kva skjer”-kalender, som

kan engasjere lag og organisasjonar i større grad og gjere det enklare å få med seg kultur- og fritidstilbod for både tilreisande og lokalbefolkning. I 2024/ 2025 fekk kommunen tilskot frå Innlandet fylkeskommune saman med nabokommunane Skjåk og Vågå til eit prosjekt kalla "Bli hjå oss", der ein slik kalender var ein del av målsetninga. Lom kommune har i 2025 innført Friskus, som gir innbyggjarar og besøkande ei langt betre oversikt over kva som skjer enn tidlegare.

Utvikling av reisemålet – for gjestane

Drift av turistinformasjon

Visit Jotunheimen går stadig "mot straumen", og har òg i 2025 hatt fysisk bemanna turistinformasjon i hovudsesongen. Vårt inntrykk er at dei besøkande set stor pris på å møte ein levande person, og at vi greier å påverke gjestane til å vere lenger og oppleve meir, ved å tale ved dei fysisk. Vi tenkjer òg at inntoget av KI kan auke behovet for mellommenneskeleg kontakt og vil halde fram med fysisk turistinformasjon.

DNT rustar opp i Nord-Gudbrandsdalen

DNT fekk i 2024 ei milliongåve til vedlikehald av DNT sine betente hytter av Sparebankstiftelsen DNB. I året som har gått og åra som kjem har dette resultert i store investeringar både på Gjendesheim, Glitterheim, Leirvassbu og Sota Sæter. Dette har òg positive ringverknader for lokale handverkarar.

«Utsikten» – nybygg på Gjendesheim med fire firesengsrom og 32 dobbeltrom. Ferdigstilt i byrjinga av 2026.

Glitterheim legg om til solenergi i 2026.

Nytt losjihus med 20 sengeplassar på Sota sæter. Det nye bygget vil for det meste bestå av to-sengs rom, og eit HC- rom, for å gje gjestane meir komfort og privat overnatting.

Renovering av hovudhus på Leirvassbu. Hovudfokus på fellesfunksjonar, med ny midtdel i massivtre med sanitæranlegg. I tillegg kjem det heis for å sikre tilgang for folk med funksjonsnedsettingar.

Utvikling av reisemålet – for innbyggjarane

10-års jubileum

Visit Jotunheimen fylte 10 år i mai 2025. Dette markerte vi med ei historisk og musikalsk feiring i Lom stavkyrkje 2. juni, i tett samarbeid med SpareBank 1 Lom og Skjåk. Konserten med Bjørn Kåre Odde, Mari Midtli, Mads Erik Odde og Lom spelmannslag samla bygdefolk frå Lom, Skjåk og Vågå – til ei gratis og fullsett feiring av både fjellkultur og reiselivshistorie.

Bli hjå oss

Gjennom prosjektet "Bli hjå oss" arrangerer kommunane Lom, Skjåk og Vågå ei rekke arrangement for både innbyggjarar og tilflyttarar for å sikre betre inkludering og trivsel.

Det er mogleg å lese meir om satsinga her: Bli hjå oss - Lom kommune

Kvart år blir det m.a. arrangert tilflyttarmiddag med stor oppslutning. Treffet er meint som ein velkomst og eit høve for nye innbyggjarar å bli kjent med andre, men om du har budd i Lom ein stund allereie og ynskjer å vere med er du velkomen til å melde deg på.

Jamlege «vaffeltreff» er òg del av denne ordninga. Eit lågterskel treffpunkt for folk i Lom éin fredag i månaden, der alle som vil er velkomne innom i lunsjtid for å treffe andre. Lom kommune arrangerar og spanderar vaffel.

Sentrumslyft
Lom kommune gjekk våren 2026 til innkjøp av nye benkar og møblement til uteareal i Lom sentrum. Haldbare møblar i stål og tre frå Røsos produkter. Kommunen har inngått samarbeid med friviljuge aktørar knytt til skjøtsel i sentrum både i 2025 og 2026.

Utvikling av reisemålet – for næringsliv og dei tilsette

Sommaren 2025 – rekordsesong og ekstremvêr
Med tidleg sommarstart og fleire veker med over 30 varmegrader, fekk mange medlemsbedrifter sine beste sesongar nokon gong. DNT-hyttene rapporterte om rekordbesøk, særleg som følgje av det varme vêret i juli. Galdhøpiggen sommarskisenter opplevde sin beste sesong nokon gong – og dobla besøket frå fjoråret. Konkursen på Folgefonna sommaren før førte til ein enorm straum av bestillingar, og skisenteret fekk gjestar frå over 25 nasjonar. Den store pågangen gav kraftige ringverknader for overnattingsbedrifter i heile regionen, heilt frå Pollfoss til Skjolden.
Guidar og aktivitetsbedrifter meldte om meir trafikk enn på fleire år, jamn etterspurnad heile sommaren, med stor del frå internasjonale gjestar.

Kurs i marknadsføring
Visit Jotunheimen inviterte reiselivsnæringa til kurs i innhaldsproduksjon og sosiale medier i november 2024. Kurset fekk finansiell støtte av Innlandet fylkeskommune gjennom ordninga «bedriftsintern opplæring», og vart gjennomført på nyåret i 2025. Målet var å styrke bedriftene si kompetanse på eiga marknadsføring og slik sett løfte totalproduktet på reisemålet, samt bidra til auka sysselsetting. 20 personar frå 17 ulike bedrifter deltok.

Reiselivstur
I 2025 vart det diverre ikkje reiselivstur, men vinteren 2026 var vi på ny på tur.
I byrjinga av februar organiserte - og inviterte - Visit Jotunheimen alle medlemsbedrifter, støttemedlem og sentrale samarbeidspartnar til ei 3-dagars fellessamling i Ålesund – med fokus på samhandling og det å lage reiselivsprodukt ut frå dei ressursane ein har tilgjengeleg. Vi var innom Avdemsbue på Lesja, var på båttur med lunsj med veteranbåt inn i Hjørundfjorden, og hadde eit inspirerande besøk på Christian Gard. Vi fekk foredrag frå destinasjonsselskapet Nord-vest, og hadde betre middagar med lokale råvarer på Sjøbua og Apotekergata no. 5. Totalt var 25 personar med på turen, som vart svært smakfull og opplevingsrik – og som vi er overbevist om at bidreg til å styrke det lokale samhaldet og samhandlinga!

Jotunheimen nye marknader
I 2025 har vi hatt eit samarbeid om satsing på nye marknader og aktivetar. Har i fyrste fase vore leia av Norsk turistutvikling – med mål om å etablere eit godt klyngesamarbeid som kan sjå på korleis vi kan bli meir synlege i utanlandsmarknaden. Gruppa fortset arbeidet i 2026.

Gudbrandsdalskonferansen 2025
I november 2025 vart Gudbrandsdalskonferansen arrangert på Rudi gard, programleia av Mari Arnøygard Wedum i Visit Jotunheimen saman med stortingsrepresentant for Arbeiderpartiet, Rune Støstad. Konferansen var for andre året på rad ei samansmelting av tidlegare Verdiskapnings-konferansen og «Den smarte grønne dalen» - med fokus på berekraftig vekst, og korleis vi saman kan bli enda meir attraktive, berekraftige, framtidsretta og samkøyrt. Under konferansen vart det delt ut 3 prisar; Årets bærekraftspris, Ung verdiskapar og verdiskapingsprisen. Lom kommune sendte også i år inn forslag på fleire bedrifter frå Lom, som endte opp som nominerte i kategorien berekraft.

Rekruttering av flyktningar
Lom og Skjåk er framleis høgt oppe nasjonalt når det gjeld inkludering av flyktningar i arbeidslivet. Det har vore gjort fleire tiltak siste åra for inkludering, og flyktningekontoret jobbar aktivt med å få flyktningar ut i arbeidslivet. På frukostmøte i mai 2026 kjem flyktningetenesta og orienterer for næringslivet.

Møter for næringslivet
Lom kommune har arrangert frukostmøte for næringslivet i 2025, med planlagt nytt møte i mai 2026. I november 2025 var det arrangert næringspub med Innovasjon Norge.

Styrk Sel
Styrk Sel er eit omstillingsprogram i regi av Sel kommune der bedrifter frå heile regionen blir invitert inn til å delta på SMB-utvikling (utviklingsprogram for små- og mellomstore bedrifter). Målet er å jobbe for å bevare eksisterande arbeidsplassar og etablere nye. Lom kommune har hatt med bedrift i programmet i 2023 og i 2025 (kommunen går inn med eit tilskot på kr. 50 000 per bedrift).

Stillingssleppet
Lom kommune deltek på det årlege regionale stillingssleppet, der lærlingplassar- og ledige stillingar frå heile Nord-Gudbrandsdalen blir publisert på www.komtiloss.no Dette er eit stort arrangement kvart år som består av m.a. livesending, universitetsdag og jobbmesse.

5. Økonomisk levedyktigheit

Visit Jotunheimen følgjer nøye med på den økonomiske utviklinga på reisemålet. I samband med utarbeiding av reisemålsstrategien i 2023 gjennomførte vi ei omfattande statusanalyse av reisemålet Lom. Denne tok føre seg 5-årig utvikling innan omsetnad,

verdiskaping, driftsmarginar, soliditet, avkastning og såg også på utviklinga innan detaljhandel. Analysen omfatta også sysselsetjing, sesongfordeling, gjestedøgn og AirBnb, og er vedlagt denne rapporten.

Analysen gjorde vi i eigen regi, men Sparebank1 Regnskapshuset attesterte datagrunnlaget vi nytta. Vi gjorde det på denne måten for å unngå å bruke for store delar av prosjektbudsjettet på eksterne konsulentar.

Vi ynskjer å gjennomføre same analyse kvart 3. år for å kunne følgje godt med på utviklinga. Analysen er ganske arbeidskrevjande, og vert av den grunn ikkje gjennomført kvart år. Vi ser det som viktig å gjennomføre slike analysar, då dei gjev eit mykje meir komplett bilete på verdiskapingstala enn det Visit Norway sine tal gjer. Dette på grunn av at fleire av reiselivsaktørane hjå oss ligg under "feil" NACE-kode.

Denne rapporten vil byggje på 5-årige tal innan gjestedøgn og verdiskaping, samt noko meir inngåande for gjestedøgn 2025.

Kommersielle gjestedøgn 2019-2025 (kjelde: SSB)



Kommentar:
Frå og med 2024 har SSB lagt om metoden for overnattingsstatistikk på kommunenivå. Endringa gir betre dekning av ulike former for overnatting, særleg camping, hyttegrender og formidla utleige av fritidsbustader. Tala frå og med 2024 gir difor eit meir presist bilete av samla reiselivsaktivitet, men vil ikkje vere direkte samanliknbare med tidlegare år. Vi veit at mange av reiselivsbedriftene opplevde ei auke i 2025, men noko av auka her kan altså i tillegg skuldast endra metode hjå SSB, samanlikna med t.d. 2023.

Nasjonalitetar 2025 (kjelde: SSB)



Kommentar:
Andelen nordmenn ligg i 2025 heilt i nedre sjiktet av det som har vore vanleg i Lom (mellom 65% og 70%). Samanlikna med 2024 ser vi ein liten nedgang i besøk frå nærmarknadene våre Sverige og Danmark, medan Tyskland ligg stabilt. Vi ser ei større auke frå Nederland og Frankrike, og ei mindre auke frå Storbritannia, USA og Asia. Frå andre nasjonalitetar ser vi ei større auke frå 6,4% i 2024 til 8,1% i 2025. Her er det dei aust-europeiske landa Slovakia, Litauen og Polen, samt Belgia, Italia, Spania og Sveits som står for den største auka. Fleire nasjonalitetar ligg mellom “Asia totalt” og Storbritannia, men vi inkluderer Asia-tala for å gje eit bilete på den marknaden.

Verdiskaping 2019-2024 (kjelde: Visit Norway/Innovasjon Norge)



Kommentar:
Innovasjon Norge endra leverandør av verdiskapingstal frå Asplan Viak til EY, og vi har i vår oversikt teke utgangspunkt i dei nye tala til EY for heile perioden 2019-2024. Vi er noko usikre på dette datagrunnlaget, då utviklinga frå 2023 til 2024 verkar urealistisk låg (nedgang på 0,5% frå 2023, og same frå 2022). Som ein ser av oversikta av gjestedøgn var det eit langt høgare besøk på destinasjonen i 2024, og vi veit at 2023 vart eit ganske dårleg år for mange av våre medlemsbedrifter, mykje grunna varierande sumarvér og stengte vegar grunna ekstremvéret Hans.

I samband med presentasjon for kommunestyret hausten 2025 reviderte vi vår statusanalyse, der vi sjølve har utarbeidd oversikt over verdiskapinga frå reiselivsverksemder registrert i Lom. I vår oversikt har vi berre teke høgde for driftsresultat og lønskostnader, slik vi tolka også Asplan Viak gjorde. Vår eiga oversikt syner i 2024 ei auke på 7% frå 2023 og 16% frå 2022. Med andre ord ein ganske stor skilnad frå EY sine tal.

Relevante tiltak:

Kommunal stønad til destinasjonsselskapet
Kommunestyret i Lom vedtok i 2023 å auke sitt bidrag til Visit Jotunheimen frå kr. 600.000,- til kr. 800.000,- gjeldande for åra 2024 og 2025. Dette vart òg vidareført for 2026, og gjer det mogleg for oss å vidareføre to heile stillingar i selskapet, og gjere enno meir for fellesskapet.

Stønad frå Skjåk
I 2026 fekk vi innvilga kr. 100 000,- frå Skjåk kommune – som konkret skal gå til drift av fysisk og digital turistinformasjon samt synlegheit på web. Dette gjer det mogleg for oss

å presentere Skjåk i større grad som del av det heilskaplege reisemålet, samt lyfte medlemsbedriftene vi har i Skjåk i større grad.

Bedriftsnettverk
Det vart i 2024 etablert eit bedriftsnettverk i regi av Visit Jotunheimen som skal jobbe mot nye marknader. Dette arbeidet har heldt fram i 2025 og 2026, og det er leia av Norsk turistutvikling. Målet er å få til eit godt klyngesamarbeid som kan sjå på korleis vi kan bli meir synlege i utanlandsmarknaden.

Fjellsmaken
Fjellsmaken er ein web-serie i 4 delar som vart produsert av og med Visit Jotunheimen gjennom 2024, i samarbeid med Arne Brimi, Frys Film og Melovitten. Dei to siste episodane vart publisert i 2025. Prosjektet hadde som mål å løfte fram den lokale matkulturen og styrke området sin status som matdestinasjon, og vart finansiert gjennom støtte frå Innlandet fylkeskommune, Sparebank 1 Lom og Skjåk og relevante næringsaktørar. Vi gjennomførte òg eit kulturelt arrangement knytt opp til serien; «Musikalsk fjellsmak» baud på både mat, musikk og levande bilde (historier frå fjellet) i det som vart ein festaften hjå Arne Brimi i mars 2025. Vidare vart det òg inspirasjon til jubileumsfeiringa vår i Lom Stavkyrkje våren 2026, med gratiskonsert for alle innbyggjarane i Lom, Skjåk og Vågå.

Prosjekt med tilskot frå husbanken
I 2025/2026 har Lom kommune fått tilskot frå Husbanken, der kommunen jobbar med m.a. startlån-kampanje og pilotprosjekt på eit lærlingekollektiv.

«Prøvesitt eit fjellkontor i Lom»
Lom kommune har gjennom året vidareført ordninga for å tilskot til å dekkje leigekostnaden ved å leige i eit kontorfellesskap i Lom. Dette er for å legge til rette for at bedrifter, studentar og folk med stadsuavhengig arbeidsplass kan få «prøvesitte» gratis i eit kontorfellesskap i Lom ei periode.

Workshop i internasjonal marknadsføring
Det vart i Q1 2025 arrangert workshop i internasjonal marknadsføring for bedrifter i Nord-Gudbrandsdalen, i regi av Innovasjon Norge. Bedrifter frå Lom, Skjåk og Vågå deltok, og hadde individuelle møter med Visit Norway sine kundeeksperter frå Tyskland, Storbritannia, Sverige og Danmark / Bendelux.

Reiselivsstrategi i regi av Innlandet fylkeskommune
Visit Jotunheimen har delteke aktivt i innspelsarbeidet for ny reiselivsstrategi i regi av Innlandet fylkeskommune, og held fram med det.

Opning av Sognefjellsvegen til påske
Vegen frå Lom (Rustasætre) fram til Sognefjellshytta opna innan påske både i 2025 og 2026. I 2026 opna dei til og med heilt over i påska, men grunna varierande vêr, var vegen stengt innimellom. Tidleg opning er særs viktig for reiselivsaktørane langs vegen, da det gir høve for god påskeinntening. Visit Jotunheimen var aktivt med i marknadsføring og informasjonsspreiing knytt til «sesongopning» i fjellet – både gjennom medieomtale og i eigne kanalar.

Etableringskurs
På oppdrag frå IFK, køyrer Skåppå digitalt etablerarkurs i Gudbrandsdalen. Opplæringa skal bidra til å auke talet på nyetableringar i Innlandet, samt gi eksisterande og potensielle etablerarar betre kompetanse og nettverk. I 2025 var det 31 deltakarar på etablererkurs, herav 20 frå Nord-Gudbrandsdalen.

Gardsgründer
Skåppå har òg eit tilbod som heiter gardsgründer, som gir bønder verktøy og vegleiing for å utvikle nye næringar på garden. 12 gardar deltok i programmet i 2025, herav 4 i Nord-Gudbrandsdalen.

Troll 2
Troll 2 vart lansert i desember 2025, og er oppfølgaren av den norske filmen «Troll» – tidenes mest sette ikkje-engelskspråklege film på Netflix nokon sinne. Mange av scenene i båe filmane er spelt inn i Bøverdalen i Lom kommune. Slik merksamd har stor betydning for reiselivet og gir meirverdi til heile lokalsamfunnet, både ved at filmcrewet *bur og lever på staden* i ei lengre periode, samt at området får publisitet gjennom visning og potensielt effekt gjennom aukande "filmturisisme".
Administrasjonen i Visit Jotunheimen var invitert til lansering av filmen i Oslo, og stilte på raud løper med rondastakk.

6. Utfordringar

Arbeidskraft:
Tilstrekkeleg og kvalifisert arbeidskraft på eit reisemål prega av store sesongvariasjonar og i ei bransje prega av låg rekruttering.

Sterk sesongvariasjon:
Vinterstengde vegar og uforutseielege opningstider. Ujamn turisttrafikk. Vidare vanskeleg å tilsette heilårleg arbeidsplassar og god og varig kompetanse.

Bustadar:
Stor sesongvariasjon i besøket, kombinert med høgt behov for sesongarbeidskraft innan reiseliv og service, legg press på ein allereie avgrensa bustadmarknad. Mange bustader vert nytta til fritidsformål eller korttidsutleige, noko som kan redusere tilgangen på heilårsbustader for fastbuande og tilflyttarar.

Klimaendringar:
Nedsmelting av isbrear. Tining av premafrost. Auka behov for sikkerheit og beredskap. Endra produkt.

Infrastruktur sentrum:
Uoversiktleg trafikkbilete i høgsesong. Treng tydelegare parkeringsmoglegheiter.

Tilrettelegging:
Vanskeleg for dei med spesielle behov å finne tilbod tilpassa sitt behov.

7. Suksesshistorier

Jotunheimen vidaregåande skule
I oktober 2024 vedtok Innlandet fylkeskommune å legge ned Nord-Gudbrandsdalen vidaregåande skule avdeling Lom, med verknad frå skulestart 2025. Ei slik nedlegging kunne fått alvorlege konsekvensar for m.a. rekruttering av ungdom og tilgangen til arbeidskraft for næringslivet i Lom og omegn.

Lokale initiativ ved næringsliv, lag og foreiningar og private gjekk saman for å støtte etablering av «Jotunheimen privatistskule», og fekk etter kvart òg stønad frå Sparebank 1 Lom og Skjåk og dei tre kommunane Lom, Skjåk og Vågå. Til saman 70 millionar kroner vart samla inn til "Jotunheimen privatistskule". Dette seier noko om kva eit vidaregåande skuletilbod i området har for betydning for lokalsamfunnet og lokalt næringsliv – også økonomisk.

Målet var å sikre drift av privatistskulen i tre år, inntil ein kunne få offentleg godkjenning til ein privatskule. Den offentlege godkjenninga kom i januar 2026, og vi har no Jotunheimen vidaregåande skule – ein kristen privatskule i Lom. Ein slik skule får 85% i statsstøtte, der resten vanlegvis er finansiert av skulepengar. Styret ved Jotunheimen vidaregåande skule ynskjer at skulen skal vere gratis for elevane, og søkjer i 2026 kommunane om stønad for ein 5-års periode.

Med prosessen har det òg kome nytt studietilbod til Lom; bygg- og anleggsteknikk. Det er i tillegg ynskje om landbruksline, så det blir spanande å sjå korleis dette utviklar seg.

8. Formidling av rapporten

Denne rapporten vil bli formidla på følgande vis:

- Publiserast på Visit Jotunheimen si nettside.
- Presenterast saman med årsberetninga på VJ si generalforsamling i juni.
- Presenterast for styret i Visit Jotunheimen.
- Sendes til destinasjonsleiinga for Lom, samt administrasjonsleiinga i Lom kommune.
- Deles på medlemsgruppe på Facebook.
- Utdrag deles i nyheitsbrev til gjester.